



4/2005

Desember 2005 Årgang 12



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS



Notisar rett frå dunken


Ruteendring i jula

Er det bostøming på måndagane der du bur, bør du merka deg ruteendringa for 2. juledag.

Sjå på tømekalenderen for 2005.

Tømekalender 2006

Ny tømekalender blir send ut i desse dagar. Dersom du ikkje har motteke tømekalender for 2006 innan ei veke etter at du fekk dette bladet, ta kontakt med SIM.



Nye opningstider på SIM sine miljøsentralar

I 2006 blir opningstidene på SIM sine seks miljøsentralar utvida/endra, og me ber alle kundar merka seg når deira miljøsentral held ope. Dei nye opningstidene finn du på baksida av bladet og på den nye tømekalenderen som snart kjem i posten.

Stadig fleire SIM-kundar tek turen til miljøsentralen for å bli kvitt skrot og farleg avfall. I ei fersk spørjeundersøking svarer 6 av 10 at dei har nytta seg av dette tilbodet det siste året. Dei fleste som deltok i undersøkinga, seier seg godt nøgde med dagens tilbod, men 4 av 10 kan tenkja seg meir tilpassa opningstider. Dette har SIM gjort noko med

og utvidar/endrar derfor opningstidene på miljøsentralane frå nyttår. Med dei nye opningstidene vil hyttekundane også få eit betre tilbod; dei vil no kunna levera bos på sentralane annankvar laurdag i sommarhalvåret.

Velkomen til miljøsentralen i 2006!

For liten plass i restavfallsdunken?

Hugs at du får kjøpt "ekstrasekk" på kommunehuset eller på miljøsentralen. Pris: Kr. 38,-.





fleire notisar

Slamtøming i Stord kommune

SIM startar med tøming av septiktankar for hus og hytter i Stord kommune i desse dagar og skal etter planen halda fram til veke 15 i 2006. Eigen informasjon om dette er sendt ut.

Renovasjonsgebyret i 2006

Kommunane gjer i desse dagar vedtak om kva det skal kosta å levera bos i 2006. SIM har sett ned sine prisar til kommunane med 5 % for neste år. Dei mest brukte gebyra finn du på www.sim.as under priskalkulatoren.

Stans reklamen!

I Brønnøysundregisteret kan du reservera deg mot reklame i posten. SIM deler ut klistrelappar med "nei takk til reklame". Lei reklame som innstikk i avisa? Gje avisa ei tilbakemelding.

Julegåvepapir er restavfall

Julegåvepapir/gåvepapir og pakkeband skal kastast i restavfallsdunken og ikkje i dunken for papir. Gåvepapir er gjennomfarga og inneheld lite fiber og kan derfor ikkje gjenvinnast til nytt papir.

Nye bosbilar på plass

Einmanns-bosbilen er no komen til kommunane Stord, Fitjar, Bømlo, Sveio og Tysnes. I samband med innføringa av nye bilar, har SIM bede kundane gjera nokre små tilpassingar når dunken blir sett fram til vegen for tøming. Dette er forklart i eit eige skriv som er sendt ut; her kjem ein liten repetisjon.



- Plassér dunken slik at loket kan opnast ut mot vegen. Dette for å unngå søl under tøming
- Sett like dunkar to og to saman.
- Den hydrauliske armen er montert på den høgre sida av bilen; derfor er det best om dunken står på **høgre side av vegen i høve til bosbilen si køyreretning.**
- Er du framleis i tvil om korleis dunken skal plasserast? Eit godt råd er å **merka seg korleis dunken står plassert etter at tøminga er ferdig.**

Takk for hjelpa!



SIM deler ut gule og raude kort

Opplever du å få gult eller raudt kort på avfallsdunken din av SIM, kan årsaka vera at avfallet i dunken er feilsortert eller at det er levert meir avfall enn det er betalt for.

Vanskelege vintervegar kan hindra bostøminga

Dersom dunken ikkje kan tømast på grunn av snø og is, vert det delt ut informasjon og ein sekk som kan setjast ut til neste ordinære restavfallstøming. Hugs at dunken kan bli tømd frå kl. 06.00 og heilt fram til kl. 22.00.



Døme på gult kort:

Kunden har sett frå seg ein svart bossekk i lag med dunken. Renovatøren vil ta med seg avfallet denne gongen, men kunden må retta opp det som er påpeikt til neste gong.

Døme på raudt kort:

Kunden har levert mykje restavfall i biodunken. Kvalifiserer leveringa til raudt kort, vil ikkje avfallet bli fjerna i det heile.

Sørvisfråsegn for hushaldsrenovasjonen

Lurer du på kva reglar som gjeld eller korleis du skal sortera? Alle privatkunder skal ha fått ei sørvisfråsegn for hushaldsrenovasjonen der det går fram kva kunden kan venta av sørvis og kvalitet frå SIM. Sørvisfråsegna er lagt ut på www.sim.as. Her vil ein også finna informasjon om kjeldestortinga i SIM-kommunane.



Denne dunken var overfylt og kunden har fått ei påminning frå SIM.



Behaldaren må ikkje fyllast meir enn at loket kan lukkast tett til.

Forureinar skal betala

Renovasjonsgebyret byggjer på forureiningslova, som seier at forureinar skal betala. SIM sine kunder betalar etter volumet dei disponerer i dunkane sine, og derfor varierer dunkprisen etter storleiken på dunken.

Kunden kan levara restavfall i tillegg til restavfallsdunken når dette avfallet er pakka i den grå "ekstrasekken".




Sendar:

OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



MIJØVENLEGE
JULEGÅVETIPS!



Gje bort ei oppleving!

Det er lett å la seg riva med når kjøpefesten tek av i desember. SIM vil oppmoda til å roa det heile litt ned; ein kan kosa seg utan at det treng bli så mykje avfall av det.

Det er hyggeleg å gje gåver, men dei treng ikkje vera ting. Gje bort det mest verdifulle du har, nemleg tid og felles opplevingar. Her er nokre SIM-tips:

S: skitur, segltur, svømmehalltur, sykkeltur, skeisetur, skogstur, snørydding, soneterapi, syhjelp.

I: innkjøpshjelp, instrument med læring, isfiske, improvisasjonskveld, iglobygging.

M: museumstur, middag, massasje, monopolkveld, magedanskurs, målekurs.

Visste du at:

Det vert 75 kg avfall av å produsera ein mobiltelefon, og 1,5 kg avfall av å laga ein tannbørste.

Avfallsmengda i Noreg er dobla sidan tidleg på 1970-talet. Dersom me held fram i same tempo som i dag, vil me dobla avfallsmengda nok ein gong innan 2030.



GOD JUL!
FRÅ ALLE OSS I SIM

Opningstider

Miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (oddetalsveker:1,3,5...)
kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdaalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (oddetalsveker:1,3,5...)
kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30
Annankvar laurdag kl. 09.00 – 14.00
(partalsveker: 2,4,6...)
I perioden april til september
torsdag kl. 08.00–18.00.
Pinseaftan stengt.

Kvinnerhad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (partalsveker:2,4,6...)
kl. 09.00–14.00. Pinseaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (oddetalsveker:1,3,5...)
kl. 09.00–14.00. Påskeaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (partalsveker:2,4,6,..) kl. 09.00–14.00. Pinseaftan stengt.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget,
N-5419 Fitjar

SIM

telefon: 53 45 78 50
telefaks: 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as

Trykt på resirkulert papir (Cyclus 140 g)
Grafisk produksjon: Oktan Sydvest